



Arkivnr: 2017/1229-2
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal/ Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Endringar i "Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune"

Samandrag

I samband med handsaming av fylkestingssak PS 5/2017, møte 03.02. 2017 vart det gjort slikt vedtak i pkt.2:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klargjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

I tillegg ber fylkestinget om ei klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanfor fylket, men bustad i Hordaland.

Fylkesrådmannen la fram sak om dette i fylkestinget 07.03.2017 PS 28/17. Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

«Saka vert utsett»

På bakgrunn av diskusjonen i fylkestinget har fylkesrådmannen vurdert saka på nytt, og finn å leggja fram ny sak. Forslag til innstilling er endra sett i høve til det som vart lagt fram i sak PS 28/17 når det gjeld rettigheitar for folkevalde ved sjukdom.

Folkevalde vert i utgangspunktet ikkje omfatta av folketrygdlova § 1-8 sine reglar om sjukepengar til arbeidstakarar. Dersom ein folkevald skal få dei same rettane som ein vanleg tilsett må dette regulerast spesielt i reglement. I det gjeldande reglementet er dette allereie regulert, men ordlyden bør presiserast noko.

Det har ved nærare undersøkingar vist seg at regelen om dekking av reiseutgifter når ein folkevald oppheld seg utanfor fylket ikkje heilt er i samsvar med den tolkinga departementet har gjort når det gjeld komml. § 41. Reglementet bør difor justerast slik at det vert i tråd med departementet si tolking. Folkevalde skal som hovudregel ha dekka dei reiseutgifter dei faktisk har hatt i samband med vervet og som var nødvendige, samt at ein må vurdere totalkostnadane.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjort endringar i «Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune» når det gjeld sjukeløn og dekking av reiseutgifter når ein oppheld seg utanfor fylket.

Forslag til innstilling

Det vert gjort slike endringar i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune»:

Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Pkt.4.1 Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8.og 9. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Dersom ein har fråvær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ikkje.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjente ytingar frå NAV vert å betala attende til Hordaland fylkeskommune.

Grunnen til fråværet skal opplysast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Pkt 5.2.1 Erstatning for påførte utgifter, 4. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekka reiseutgifter frå heimstaden i fylket.

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekka reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurdere totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekka dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Pkt 6 Gruppeleiargodtgjersle får tillegg i nytt siste avsnitt med slik ordlyd:

Ved fråvær gjeld tilsvarande reglar som for fast årleg godtgjersle, jf punkt 4.1.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.09.2017

I samband med handsaming av fylkestingssak PS 5/2017, møte 03.02. 2017 vart det gjort slikt vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

I tillegg ber fylkestinget om ei klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanfor fylket, men bustad i Hordaland.

Fylkesrådmannen la fram sak om dette i fylkestinget 07.03.2017 PS 28/17. Fylkestinget gjorde slikt vedtak: «Saka vert utsett»

På bakgrunn av diskusjonen i fylkestinget har fylkesrådmannen vurdert saka på nytt, og finn å leggja fram ny sak. Forslag til innstilling er endra når det gjeld pkt. 1 som gjeld rettigheitar for folkevalde ved sjukdom, sett i høve til innstilling i sak PS 28/17.

Fylkesrådmannen vurderer elles at det er behov for ein totalgjennomgang av reglementet for godtgjersle til folkevalde. Det vil vere naturleg at dette vert gjort i samband med arbeidet knytt til ny region.

1.Godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

I for «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune» er det ikkje teke inn reglar om kva som gjeld i slike høve.

Folkevalde vert i utgangspunktet ikkje omfatta av folketrygdlova § 1-8 sine reglar om sjukepengar til arbeidstakarar. Ein folkevald, for eksempel fylkesordførar og fylkesvaraordførar som får godtgjersle for vervet på heiltid, er ikkje å rekna som arbeidstakar etter folketrygdlova. Dette er stadfesta i Høgsterettsdom avsagt i mars 2016. Dette medfører at dei må venda seg til NAV for eventuelle sjukepengar. Dersom det er ønskjeleg at ein folkevald skal få dei same rettane som ein vanleg tilsett, må dette regulerast spesielt i reglement. Det er fylkestinget som må fastsetja og vedta slike reglar.

KS har i sin rettleiar «Økonomiske vilkår for folkevalde» tilrådd følgjande:

«Dersom den folkevalgte, ordfører eller andre som er frikjøpt blir sykmeldt er det KS sin anbefaling at vedkommende beholder sin godtgjørelse.»

I ordskiftet i fylkestinget når PS 28/17 vart behandla kom det fram at folkevalde på same måte som ordinære arbeidstakarar har behov for økonomisk tryggleik ved langvarig sjukdom og fødsels- og adopsjonspermisjon. Dette er i nokon grad teke omsyn til i gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde under punktet om fråvær.

I Hordaland fylkeskommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde er dette tildels regulert og vedteke i pkt.4.1.

I pkt. 4.1.Fylkeskommunale tillitsverv med fast godtgjersle avsnitt 8 og 9 står det følgjande:

«Dersom ein har fråver i meir enn 25 % av møta, som ikkje skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom, fødsels- og adopsjonspermisjon vert den faste godtgjersla redusert prosentvis svarande til fråveret.

Grunnen til fråveret skal gå fram av møteboka. Fylkesordføraren avgjer om fråveret skal telja med i dei 25 prosent eller ei.»

Som ein ser av dette har den folkevalde rett til å oppretthalda si godtgjersle, dersom fråværet skuldast for eksempel sjukdom.

Fylkesrådmannen foreslår å justere «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune», punktet om fråvær, slik at dette vert klarare og slik får fram at det også i dag er slik at ein ikkje får reduksjon i godtgjersla ved sjukdom og fødsels- og adopsjonspermisjon.

I avsnitt. 9 er det ein regel om at grunnen til fråværet skal gå fram av møteboka. Dette har ikkje vore praktisert og fylkesrådmannen meiner at dette bør endrast til at grunnen til fråværet skal opplysast når forfall vert meldt.

Ein har og foreslått at denne ordninga som gjeld godtgjersle til folkevalde ved fråvær, og skal gjelda for gruppeleiargodtgjersla i pkt.6.

Det er den folkevalde sjølv som må søkja om eventuelt å få dekkja ytingar frå NAV. Dersom den folkevalde får tilkjent ytingar frå NAV vert denne å betala attende til Hordaland fylkeskommune, dersom det er betalt ut full godtgjersle.

Det vert gjort forslag om slike endringar i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune»:

Punkt 4.1 - Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8. og 9. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Dersom ein har fråvær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet.

Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ikkje.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV.

Grunnen til fråværet skal opplysast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Punkt 6. Gruppeleiargodtgjersle får tillegg i nytt siste avsnitt med slik ordlyd:

Ved fråvær gjeld tilsvarande reglar som for fast årleg godtgjersle, jf punkt 4.1.

2. Klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanom fylket, men busett i Hordaland.

For det som gjeld erstatning for påførte utgifter ved mellombels opphald utanfor fylket er det ikkje gjort forslag om endringar i denne sak i høve til det som var fremma i PS 28/17.

I «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune» er det i pkt. 5.2 - Erstatning for påførte utgifter gjeve slik bestemmelse i 3.avsnitt:

«Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekka reiseutgifter frå heimstaden i fylket. Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.»

Det har ved nærare vurdering vist seg at denne regelen ikkje heilt er i samsvar med det som er tolkinga av komml. § 41.

Komml. § 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv

Det følger av første ledd at fylkestinget sjølv fastset nærmere regler om dekning av skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring. Dette kan for eksempel vera å fastsetja ei minste reiselengde, for å unngå eit stort tall små rekningar. Retten til å kunne ivareta vervet skal vera reell, slik at det ikkje kan fastsetjast noko øvre grense for kor store skyssutgifter som vil dekkast, så lenge dei må sjåast på som nødvendige.

Departementet har i rundskriv H-2097 kome med ein uttale til tolkning av kva som ligg i komml. § 41.1 om dekning av skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle.

«Kommunalkomiteen har i Innst.O.nr. 8(1996/97) uttalt at "det ikke må være mangel på dekning av utgifter og økonomisk tap som hindrer personer å utføre det verv de er valgt til." Departementet slutter seg til dette og endrer den fortolkning departementet tidligere har lagt til grunn når det gjelder begrensninger i folkevalgtes krav på refusjon for reiseutgifter. Det kan ikke settes en øvre grense for hvilke reiseutgifter som skal dekkes i forbindelse med den tillitsvalgtes utøving av sitt verv. Tillitsvalgte skal gis dekning av de reiseutgifter de faktisk har hatt i forbindelse med vervet.

Ethvert krav om refusjon fra tillitsvalgt som på grunn av f.eks. arbeid (midlertidig arbeidssted), utdanning eller avtjening av verneplikt oppholder seg utenfor hjemstedskommunen, skal imøtekommes. Dette innebærer f.eks. at den tillitsvalgte ikke kan nektes å få refundert sine utlegg med den begrunnelse at det i dette konkrete tilfelle dreier seg om lange reiseavstander og/eller høye reisekostnader.»

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune» vert endra slik at det vert i tråd med den tolkning som er gjort av departementet. Her legg ein til grunn at opphaldet må vera midlertidig, og med det meiner ein inntil 2 år. Ein må i kvart høve foreta ei vurdering av om totalkostnadane som vert ved å dekkja slike reiseutgifter er rimeleg og naudsynte.

Pkt.5.2.1. Erstatning for påførte utgifter 4. avsnitt vert foreslått endra med ny setning (*ny setning i kursiv*):

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekkja reiseutgifter frå heimstaden i fylket. Dersom den folkevalde midlertidig oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller avtjening av verneplikt. o.l. skal ein likevel få dekkja reiseutgifter . Med midlertidig vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år.

Ein må i kvart høve vurdere totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Punkt 5.2.1: Erstatning av påførte utgifter 4. avsnitt blir endret slik:

Oppholder folkevalgte seg utenfor fylket grunnet arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt eller lignende, skal nødvendige reiseutgifter dekkes. En må i hvert tilfelle vurdere totalkostnadene ut fra hva som er rimelig og nødvendig.

Fylkesordføreren kan godkjenne unntak.»

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 5.2, andre avsnitt (endringa står i kursiv):

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket, *men innanlands*, på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekka reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurdere totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.»

Bondhus trekte forslaget sitt.

Røysting

Innstillinga punkt 4.1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 5.2.1 vart vedteken med 50 røyster mot 7 røyster (Frp) for Stenseide sitt forslag.

Innstillinga punkt 6 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Pkt.4.1 Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8.og 9. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Dersom ein har fråvær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ikkje.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjente ytingar frå NAV vert å betala attende til Hordaland fylkeskommune.

Grunnen til fråværet skal opplysast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Pkt 5.2.1 Erstatning for påførte utgifter, 4. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekkja reiseutgifter frå heimstaden i fylket.

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning

eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekkja reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurderer totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Pkt 6 Gruppeleiargodtgjersle får tillegg i nytt siste avsnitt med slik ordlyd:

Ved frávær gjeld tilsvarande reglar som for fast årleg godtgjersle, jf punkt 4.1.

Roald Stenseide (Frp) varsla lovlegkontroll av vedtaket, punkt 5.2.1.